

Bergen kommune
Postboks 7700
N-5020 Bergen

Tilsynsrapport

Bergen kommune – Slettebakken skule

Tema:

Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane
har eit trygt og godt skulemiljø

Sak 2019/16983

Innhold

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Bergen kommune og Slettebakken skule.....	4
2.1 Tema for tilsyn	4
2.2 Om gjennomføringa av tilsynet	4
3. Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.....	6
3.1 Rettslege krav	6
4. Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar	8
5. Frist for retting av regelverksbrot	21
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget	23

Samandrag

Tilsyn etter opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4

Fylkesmannen har ført tilsyn med Bergen kommune ved Slettebakken skule. Temaet for tilsynet er om Bergen kommune ved Slettebakken skule oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Føremålet med tilsynet er å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Bergen kommune ved Slettebakken skule er valt ut etter ei vurdering av kor sannsynleg det er at kommunen ved skulen ikkje oppfyller krava i opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4. Grunnlaget for vurderinga er ei risikovurdering som går fram av kapittel 2.

Tilsynsrapporten omhandlar våre funn knytt til temaet som er valt, på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

Funn

Fylkesmannen konkluderer med at Bergen kommune ved Slettebakken skule ikkje oppfyller pliktene etter gjeldande regelverk.

Bergen kommune må syte for at skulen oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4.

Våre vurderingar er basert på innsendt dokumentasjon, innsendte eigenvurderingar og intervju.

Vegen vidare

Bergen kommune fekk tilsendt ein førebels tilsynsrapport 14. november 2019.

Kommunen hadde rett til å uttale seg om innhaldet i rapporten, jf. forvaltningslova § 16. Frist for tilbakemelding vart sett til 28. november 2019. Vi informerte om at Fylkesmannen ville legge til rette for eit møte om innhaldet i tilsynsrapporten, dersom kommunen fann det føremålstenleg.

Vi mottok ikkje merknadar frå kommunen innan fristen. Kommunen formidla ikkje ønskje om eit sluttmøte.

Fylkesmannen har sett frist for retting til 1. mars 2020. Før fristen må Bergen kommune sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

1. Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen oppfyller dei pliktene som er pålagt i eller i medhald av opplæringslova, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 10 A¹.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir haldne, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Dersom kommunen ikkje følgjer regelverket, kan Fylkesmannen påleggje retting, etter at kommunen har fått ein frist for å rette regelverksbrota.

Tilsyn er utøving av offentleg myndigheit, og blir gjennomført i samsvar med reglane i forvaltningslova og offentleglova.

Denne tilsynsrapporten gir ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført. Når det gjeld metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd ei eiga handbok, som Fylkesmannen skal nytte. Handboka² ligg på Utdanningsdirektoratets nettsider.

2. Om tilsynet med Bergen kommune og Slettebakken skule

2.1 Tema for tilsyn

Hovudtemaet *skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø* inngår i felles nasjonalt tilsyn frå 2018, og er delt inn i tre delar:

1. Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
2. Plikta til å varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen krenkjer ein eller fleire elevar.
3. Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak.

Temaet for tilsynet er om Slettebakken skule oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø (del 1).

2.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Bergen kommune vart i varselbrev av 2. september 2019 bedt om å legge fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

I varselet om tilsyn frå Fylkesmannen er det informert om at risikovurdering er utgangspunktet for våre tilsyn og at vi i vår vurdering har lagt vekt på følgjande:

¹ Hausten 2019 vart *Lov om kommuner og fylkeskommuner* av 1992 erstatta av ei ny lov med same namn. Kapittel 10 A om statleg tilsyn med kommunen eller fylkeskommunen er erstatta av kapittel 30 Statlig tilsyn. Kapittel 30 vart gjeldande frå og med det konstituerande møtet i kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019-2023. Vi viser likevel her til gamalt kapittel 10 A i kommunelova, då tilsynet var varsla før ny kommunelov var gjort gjeldande.

² Metodehåndbok for tilsyn - en håndbok for tilsyn i metode for tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven.

- Kommunens brukarundersøking frå 2019. Undersøkinga syner mellom anna at skulens innsats for å redusere mobbing og arbeid med å utvikle elevanes sosiale kompetanse, er område som avviker mest negativt samanlikna med skulens resultat frå 2018.
- Fylkesmannens saksbehandling som handhevingsinstans, der det mellom anna kjem fram at foreldregruppa uttrykker bekymring for elevane sitt skulemiljø.
- Elevane sitt skulemiljø er eit område med høg risiko, det vil seie at manglar i forhold til dette regelverket kan få store konsekvensar for elevane.
- Skulen er av ein viss størrelse, det vil seie at manglar i forhold til dette regelverket kan få store konsekvensar for mange elevar.

Kommunen hadde frist til 23. september 2019 for å levere eigenvurdering og understøttande dokumentasjon i RefLex. Eigenvurderingane vart levert etter fristen. Vi fekk ikkje inn eigenvurdering frå alle tilsettegrupper.

I tillegg tok vi imot aktivitetsplanar for fem elevar og dokumentasjon vi bad om å få tilsendt i etterkant av tilsynsbesøket ved skulen.

I samband med tilsynet har vi gjennomført intervju med tilsette i SFO, assistentar, lærarar og skuleleiinga.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar i tilsynsrapporten er basert på skriftleg dokumentasjon og intervju, sjå vedlegg. Då vi i liten grad har motteke dokument som viser skulens framgangsmåtar og praksis på området, har i vi stor grad måtte leggje vekt på informasjon som har kome fram i intervju.

Om tilsynsrapporten

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er difor adressat for denne tilsynsrapporten.

Det er avdekt regelverksbrot under følgjande hovudpunkt:

- Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Gjennom tilsynsrapporten gjev vi kommunen eit førehandsvarsel om at Fylkesmannen kan vedta pålegg om retting av regelverksbrot, jf. forvaltningslova § 16. I tilsynsrapporten får Bergen kommune ein rimeleg frist til å rette regelverksbrotet, før vi eventuelt vedtek pålegg om retting. Dette vil først skje dersom kommunen ikkje rettar opp eventuelle brot på regelverket.

Bergen kommune hadde rett til å kommentere innhaldet i den førebelse tilsynsrapporten, jf. forvaltningslova § 16. Frist for tilbakemelding vart sett til 28. november 2019. Vi informerte òg om at Fylkesmannen ville legge til rette for eit møte om innhaldet i tilsynsrapporten, dersom kommunen fann det føremålstenleg.

Vi mottok ikkje merknadar frå kommunen innan fristen. Kommunen formidla ikkje ønskje om eit sluttmøte.

Fylkesmannen har sett frist for retting til 1. mars 2020. Før fristen må Bergen kommune sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

3. Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

3.1 Rettslege krav

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2.

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø kallar vi skulens aktivitetsplikt.

Aktivitetsplikta er beskriven i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Alle som jobbar på skulen, skal vere merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. De skal følgje spesielt godt med på sårbare elevar. De må skaffe dykk informasjon frå elevane om korleis dei opplever skulemiljøet. Det er elevane si eiga subjektive oppleving av skulemiljøet som er avgjerande. De skal dokumentere korleis de følgjer med. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at dei skal følgje med, og følgje opp at det vert gjort.

Plikta til å gripe inn mot krenkingar dersom det er mogleg

Plikta til å gripe inn handlar om straks å stanse negativ oppførsel, for eksempel ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse ein utfrysingssituasjon. Alle som jobbar på skulen, skal ha nulltoleranse mot krenkingar som for eksempel utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. De skal dokumentere korleis de grip inn. Rektor skal syte for at alle som jobbar på skulen grip inn mot krenkingar.

Plikta til å varsle rektor

Plikta til å varsle rektor gjeld all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Tilsvarande gjeld tilfelle der ein elev seier frå om at han eller ho ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Saka avgjer kor raskt rektor må få varsel.

Rektor skal varsle skuleeigaren om alvorlege tilfelle. Dette kan gjelde saker der krenkingane er særleg valdelege eller integritetskrenkjande, eller der skulen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal varsle, og følgje opp at det blir gjort. De skal dokumentere det de gjer for å varsle.

Plikta til å undersøkje alle saker

Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal de undersøkje saka nærare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal leggje til rette og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven sin oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekkje kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å setje inn eigna tiltak

Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og eleven sitt heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet, karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan setje eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Rektor skal sikre at dette blir gjort.

På www.reflex.udir.no finn ein meir informasjon om krava som gjeld skulens aktivitetsplikt.

4. Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar

1. *Har alle som jobbar på skulen kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø?*

Dei tilsette må forstå kva som ligg i elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø og forstå når retten kan vere broten.

Skulen har ein handlingsplan mot krenkjande åtferd datert 14. november 2017. I planen vert det fleire gonger nemnd at det er elevens eiga oppleving av skulemiljøet, som er avgjerande for om eleven har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor stadfestar i intervju at handlingsplanen gjeld for SFO.

Rektor forklarar i intervju at det er litt ulikt korleis dei ulike gruppene av tilsette har arbeidd med innhaldet i handlingsplanen. Det pedagogiske personalet har arbeidd med innhaldet i planen, seinast i haust. Assistentane i skulen og tilsette på SFO har ikkje arbeidd like mykje med dokumentet. På møte med assistentane og tilsette på SFO, har rektor fokusert på temaet melding til leiinga. Dette forklarar rektor i intervju.

Lærarane svarer ja på spørsmålet «*Tek du utgangspunkt i elevens subjektive oppleving av situasjonen når du vurderer om ein elev har eit trygt og godt skulemiljø?*» i eigenvurderinga. Det vert mellom anna forklart at det er eleven sjølv som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt. Det kjem òg fram i samband med intervju at dei tilsette tek utgangspunkt i samtale med eleven for å vurdere om eleven har det bra på skulen.

Tilsette i SFO fortel i intervju at dei mange gonger har hatt samtalar i personalet om at elevane skal ha det trygt og godt i SFO-tida, og at elevane skal bli sett og høyrte på. Dei vektlegg å snakke *med*, ikkje *til*, barnet.

Innsendte aktivitetsplanar viser at skulen har teke utgangspunkt i korleis den enkelte elev opplever skulekvardagen sin i skildringa av skulemiljøet.

Til tross for at det er ulikt korleis dei tilsette har arbeidd med handlingsplanen, finn Fylkesmannen at alle som jobbar på skulen har kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø. Dette finn vi mellom anna på bakgrunn av at dei tilsette i eigenvurderinga og i intervju forklarar at dei tek utgangspunkt i samtalar med elevane for å vurdere om dei har det trygt og godt, og at dei er opptekne av å snakke med elevane. Fylkesmannen meiner at slike samtalar vil kunne vere eigna til å få fram elevens subjektive oppleving. Konklusjonen byggjar også på at aktivitetsplanane visar at dei tilsette tek utgangspunkt i elevens subjektive oppleving i vurderinga av om eleven har eit trygt og godt skulemiljø. Fylkesmannen meiner dette visar at dei tilsette forstår og tek utgangspunkt i at elevens eiga oppleving avgjer om eleven har det trygt og godt på skulen.

Fylkesmannen finn det sannsynleggjort at alle som arbeider på skulen har kunnskap om og legg vekt på at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt på dette punktet.

2. Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare?

Om rektors føringar og personalets kompetanse

For at dei tilsette skal kunne følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, må rektor gje dei tilsette kompetanse slik at dei kan kjenne igjen teikn på at eleven ikkje har det trygt og godt.

Skulens handlingsplan beskriv kva som kan reknast for å vere krenkande åtferd. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det i planen er nærare omtalt kva som kan være teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Rutinane for å følgje med på om den enkelte elev har det trygt og godt på skulen står i inspeksjonsinstruksen. Dette forklarar rektor i intervju. I skulens inspeksjonsinstruks står det at tilsette skal vere vakne for «anonyme elevar» og elevar som går åleine.

Skulen deltek i ei nettbasert opplæring kalla *Inkluderande miljø og krenkelser [mooc]*, i regi av Høgskulen i Innlandet³. I omtalen av kurset for skuleåret 2018-2019 skriv høgskulen på si heimeside; «Gjennom tre semester strekker alle ansatte på skolen seg mot følgende optimale, kollektive tilstand: På vår skole arbeider vi kontinuerlig og systematisk med å fremme et trygt og godt skolemiljø, og med å forebygge og avdekke alle krenkelser. Ved krenkelser griper vi inn, varsler og setter inn egnede tiltak helt til elevene opplever at de har et trygt og godt skolemiljø.»

På spørsmål om dei har fått kompetanse slik at dei kan kjenne igjen teikn på at ein elev har det trygt og godt, viser nokre av dei tilsette til den nettbaserte opplæringa i eigenvurderingane, vidare til møte og diskusjonar mellom kollegar. Ikkje alle i det pedagogiske personalet svarer ja på dette.

Når vi spør rektor i intervju om tilsette ved skulen har øvd på å kjenne igjen teikn på om elevar har det trygt og godt på skulen, svarar han at mooc'en starta før han tok til som rektor og at han ikkje har heilt oversikt over kva som vart gjennomgått der. Han meiner at det vart gjennomgått som ein del av kurset. Personalet har ikkje øvd på det etter at han tok til som rektor, forklarar han.

Om å følgje med

Rektor må syte for at alle som jobbar på skulen følgjer med på at den enkelte eleven har eit trygt og godt skulemiljø. Alle som jobbar på skulen må også følgje spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare. For at dei skal kunne gjere dette, må dei vere kjende med kva forhold som kan gjere eleven særskilt sårbar.

Observasjon var eit tema i det nettbaserte kurset våren 2018. Når vi spør om opplæringa har ført til varige endringar, forklarar lærarane at det ikkje har ført til endringar i skulens rutinar for å observere elevane. Lærarane som deltok meiner likevel at dei fekk nokre reiskapar for observasjon av elevane.

³ Start januar 2018 - slutt haust 2019

Når det gjeld spørsmålet om alle tilsette alltid følgjer med på om den enkelte elev har eit trygt og godt skulemiljø, svarar rektor nei på dette i eigenvurderinga. Han viser i kommentaren til at dei nokre gonger får tilbakemelding på at dei ikkje får med seg alt. I intervju forklarar han at trass i at dei har inspeksjonsrutinar så erfarer dei jamleg at tilsette står i friminutt og snakkar seg imellom, og ikkje har fokus på barna. Rektor fortel at skulen arbeider med dette, og at dei har sett ein betring på området.

I skulens handlingsplan mot krenkjande åtferd er kartlegging av sårbare elevar på alle trinn sett opp som eit tiltak, jf. handlingsplanen på side 4. Rektor forklarar i intervju at lærarane gjorde ei kartlegging av elevane i eigen klasse i haust. Rektor tenkjer at dei skal gjere dette kvart halvår, men at lærarane og elevane kanskje ikkje har oppfatta at dette skal skje regelmessig. Rektor forklarar vidare at arbeidet med kartlegginga var ein indikasjon på at tilsette på skulen må arbeide meir med kva som gjer elevar sårbare og det er behov for eit kollektivt blick på kva som kan vere sårbarheitsfaktorar. Rektor poengterer at alle tilsette veit at dei skal følgje med. Rektor seier at dette likevel ikkje alltid blir gjort, trass i at skulen har revidert inspeksjonsrutinane og snakka i lag om haldningane til inspeksjon og om å overhalde inspeksjonsplikta si.

Når det gjeld spørsmålet om alle som arbeider på skulen er kjende med kva forhold som kan gjere ein elev særskilt sårbar, kjem det fram i intervju med tilsette døme på ulike sårbarheitsfaktorar.

I intervju med SFO-tilsette meiner dei at det ikkje er arbeidd med sårbarheitsfaktorar som overordna tema på skulen. Vidare forklarar dei at det er god kommunikasjon på SFO, til dømes har dei møte om morgonen, der dei kan snakke om barna og korleis dei har det.

Plikta til å følgje med inneber òg at skulen skal drive eit systematisk arbeid for å førebygge og avdekke krenkingar og dårleg skulemiljø. For å kunne gjere dette må skulen ha innarbeidde rutinar for korleis dei følgjer med på elevane.

Rektor svarar i intervju at skulen ikkje dokumenterer kva dei gjer for å følgje med på korleis elevane generelt opplever skulemiljøet.

Oppsummert

Skulen har gitt nokre av dei tilsette kompetanse til å kjenne igjen teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt. Dette er gjort gjennom inspeksjonsrutinane og nettbasert opplæring. Eigenvurderingar og intervju viser at ikkje alle tilsette ved skulen kjenner til korleis dei i sin arbeidskvardag skal vere merksame på forhold eller situasjonar som kan tyde på at ein elev ikkje har det trygt og godt. Intervjuet med rektor viser at det er uklart om alle tilsette har arbeidd med å kjenne igjen teikn på at eleven har det trygt og godt. Teikn på at elever ikkje har det trygt og godt er heller ikkje tilgjengeleggjort i skriftlege planar. Fylkesmannen kan ikkje sjå at skulen har sannsynleggjort at alle tilsette har kompetanse slik at dei kan kjenne igjen teikn på at eleven ikkje har det trygt og godt.

Vi finn at rektor ikkje har sikra at alle tilsette har tilstrekkeleg kompetanse slik at dei kan kjenne igjen teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt.

På same måte finn vi at rektor ikkje har sytt for å gjere alle som arbeider på skulen kjende med kva forhold som kan gjere ein elev særskilt sårbar.

Korleis skulen forstår og tolkar sårbarheit, avgjer korleis tilsette på skulen handlar og kva dei seier, eller ikkje seier, og har innverknad på skulens pedagogiske praksis. Rektor må leggje til rette for at personalet har felles forståing av å vere særskilt sårbar, og sette tilsette i stand til å følgje godt nok med elevar som er særskilt sårbare.

Gjennom våre undersøkingar har vi sett at enkelte tilsette på skulen er kjende med forhold som kan gjere elevar særskilt sårbare, ettersom dei kan gje døme på sårbarheitsfaktorar og at dei snakkar i fellesskap om enkelte barn og korleis dei har det på skulen og SFO. Skulen har også arbeidd med sårbarheitsfaktorar på trinna.

Gjennom undersøkingane finn vi at skulen ikkje har innarbeidd ei felles forståing gjennom felles planar og kollektive diskusjonar, av kva som kan gjere ein elev særskilt sårbar. Utan ei slik felles forståing vil det vere vanskeleg for rektor å sikre at alle som jobbar på følgjer spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare. Det er viktig å ha ei slik kollektiv forståing, ettersom plikta til å følgje med gjeld alle tilsette på skulen, uavhengig av om arbeidsforholdet er fulltid eller deltid, fast eller midlertidig, kortvarig eller langvarig.

Rektor må både vedta ein framgangsmåte som gjer at alle tilsette følger med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare. Rektor må følgje med på at skulens framgangsmåte blir praktisert, og korrigere praksis i personalet om det er behov for det.

Fylkesmannen ser at dei tilsette på skulen har arbeidd med inspeksjonsinstruksen for å forsøke å sikre at alle tilsette følgjer med på om elevane har det trygt og godt. Likevel kan vi ikkje sjå at rektor har vedtatt ein framgangsmåte som gjer at alle tilsette følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare. Dette finn vi på bakgrunn av at skulen ikkje har oppdaterte rutinar for korleis alle tilsette skal følgje med, og at skulen jamleg erfarer at dei tilsette ikkje følgjer med i friminutta.

Ettersom dei tilsette ikkje har fått kompetanse i å kjenne igjen teikn på at elevar ikkje har det trygt og godt, og forhold som kan gjere eleven særskilt sårbare, finn Fylkesmannen at dei tilsette ikkje er satt i stand til å følgje med på aktuelle elevar, situasjonar eller forhold.

Rektor må bestemme korleis skulen systematisk skal få informasjon frå elevane om korleis dei opplever skulemiljøet. Framgangsmåten må gje skulen informasjon om elevane sin trivsel. Skulen må dokumentere kva dei gjer for å oppfylle krava til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen har ulike kjelder som er eigna til å gje informasjon om korleis elevane generelt opplever skulemiljøet. Vi kan ikkje sjå at skulen har bestemt kva som er deira kjelder i sum og korleis dei nyttar desse for å sikre eit systematisk arbeid for å førebygge og avdekke krenkingar og dårleg skulemiljø.

Fylkesmannen finn at rektor ikkje sikrar at alle som jobbar på skulen følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

3. *Syter rektor for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg?*

Rektor må syte for at alle som arbeider på skulen kjenner til korleis dei skal gripe inn mot krenkingar, og følgje opp at tilsette grip inn. Skulen må dokumentere kva dei har gjort for å følgje opp plikta til å gripe inn i den enkelte saka.

I skulens handlingsplan står det at alle tilsette har ei plikt til å gripe inn straks, for å stoppe ein pågåande situasjon. Det går fram at det kan gjelde situasjonar som slåsting, utfrysing eller verbale krenkingar. Planen viser til Utdanningsdirektoratets rundskriv Udir-3-2017 for meir informasjon om å gripe inn. Rektor stadfestar at planen gjeld for SFO.

Tilsette på SFO forklarar i intervju at dei ikkje har ein plan som avklarar korleis dei skal følgje med, eller/og når og korleis dei skal gripe inn. Dei vurderer fortløpande når dei skal gripe inn.

I skulens ordensreglement skal det reagerast rakt på uakseptabel åtferd. Åtferd som er øydeleggande for læringsmiljøet er peika på som støyande åtferd og nedsettande omtale av medelevar og vaksne.

Rektor forklarar i intervju at tilsette har fått informasjon om korleis dei skal gripe inn gjennom arbeidet med mooc'en. Vidare har skulen gjennomført kurs for dei tilsette i meistring av aggresjon. Kurset hadde i første rekke ei førebyggjande vinkling, men handlar òg om korleis tilsette skal gripe inn i ein situasjon reint fysisk.

I intervju med tilsette kjem det fram døme på at dei grip inn dersom nokon går aleine i skulegarden, og vidare at dersom dei ser at nokon er lei seg, snakkar dei med barnet.

På spørsmål om alle tilsette grip inn mot krenkingar svarar rektor nei i eigenvurderinga. I intervju vert dette utdjupa av rektor. Skulen har av og til opplevd at tilsette ikkje grip inn fordi dei er redde for eigen tryggleik. Det blir ikkje gripe inn med ein gong, men når dei får hjelp.

Vidare går det fram av rektors eigenvurdering at målet er at alle skal agere, men det er ikkje alltid at dei opplever at dei lukkast. Då går skulen i gjennom rutinane sine for å hindre at det skjer igjen, skriv rektor.

Skulen dokumenterer ikkje situasjonar der ein som arbeider på skulen grip inn mot krenkingar. Rektor svarar nei på dette spørsmålet i eigenvurderinga og viser til at episodar som blir vurdert som enkelthendingar ikkje blir dokumentert. Tilsette skriv i eigenvurderinga at ei hending berre bli dokumentert dersom dei vurderer den som alvorleg.

Alle som jobbar på skulen må vere kjende med korleis dei skal gripe inn mot krenkingar.

Skulen har ein handlingsplan for skulen og SFO, og eit ordensreglement, der det går fram at dei tilsette skal gripe inn i nokre situasjonar. Dei tilsette på SFO forklarar likevel at dei ikkje er kjend med føringane i handlingsplanen.

Det at dei tilsette på SFO ikkje kjenner til føringane i handlingsplanen for å gripe inn mot krenkjande åtferd, vurderer vi som eit uttrykk for at skulen ikkje har eit godt system for å gjere rutinane i handlingsplanen kjende for alle tilsette.

Fleire av dei tilsette har fått informasjon om korleis dei skal handtere aggressiv åtferd. Fylkesmannen vurderer det likevel slik at dette berre er ein del av plikta til å gripe inn. Skulen må syte for at dei tilsette òg kjenner til korleis dei skal gripe inn mot andre typar krenkingar.

Fylkesmannen ser i gjennom eigenvurderingane og intervjuar at dei tilsette er kjende med at dei skal gripe inn, og at nokre av dei tilsette har fått informasjon om korleis dei skal gripe inn. Likevel går det fram av intervjuar at ikkje alle tilsette grip inn mot krenkingar.

Fylkesmannen gjer merksam på at plikta til å gripe inn er avgrensa til inngrep som er mogleg å gjennomføre. Det betyr at tilsette ikkje skal stå i fare for å skade seg sjølv eller krenkje nokon av elevane for å stanse situasjonen, med mindre det er nødrett eller nødverje.

Handlingsplanen er ikkje kjend for alle tilsette og ikkje alle er kjende med korleis dei skal gripe inn mot krenkingar. Vidare dokumenterer ikkje skulen kva de har gjort for å følgje opp plikta til å gripe inn i den enkelte saka. På bakgrunn av dette finn Fylkesmannen at rektor ikkje syter for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

4. Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

Rektor må sikre at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette krev at dei tilsette veit kva dei skal varsle om, korleis varsling skal skje og at rektor følgjer opp at tilsette oppfyller plikta til å varsle. Skulen må også dokumentere kva dei gjer for å oppfylle plikta til å varsle rektor.

I skulens handlingsplan står det alle skal varsle rektor og fyller ut skjemaet *Melding om elevens skulemiljø* ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

I eigenvurderingane går det fram at lærarane varslar avdelingsleiarane eller rektor. Assistentane på skulen forklarar i intervju at dei varslar elevens kontaktlærer, eller rektor.

Vi har fått tilsendt tre døme på utfylte meldeskjema frå hausten 2019. Eitt meldeskjema er døme på varsling frå tilsette ved mistanke om at ein elev ikkje har eit godt skulemiljø. Det andre er døme på varsling ved kjennskap til at ein elev ikkje har godt på skulen. Det tredje skjemaet viser at tilsette varsla rektor ved kjennskap til at ein elev ikkje har godt på skulen, men at rektor avslutta saka fordi foreldra ikkje ønskte at skulen skulle gjere noko meir med saka.

Assistentane om varsling

Assistentane på skule og SFO opplyser i intervju at dei har ikkje vore med å diskutere terskel for å melde ved mistanke. Dei er sjeldan på møte med lærarane, seier dei.

Assistentane på skulen forklarar at dei gjerne har dialog med kontaktlæraren. Om assistent og lærar er samde eller har sett det same, melder ein saka vidare.

Assistentane på SFO fortel i intervju at dei gjerne tek opp bekymring på personalmøte, dersom ein har sett at barn har hatt det dårleg over tid og at det har blitt verre. Bekymring vert kopla til om ein situasjon har vart over tid.

I intervju reflekterer assistentane på skulen kring at det kan vere vanskeleg for både assistentar og lærarar å skrive ein rapport [meldeskjema], at dei kan vegre seg eller at dei ikkje har tid. Nokre vil gjerne sikre seg at kontaktlærar er samd i situasjonsskildringa før dei melder vidare, andre har kanskje ikkje tid til å skrive rapport grunna ein travel arbeidskvardag.

Lærarane om varsling

Det kjem fram i intervju med lærarane at dei ikkje har kollektive refleksjonar kring terskelen for varsling ved mistanke.

Dei forklarar at dersom dei ser noko, snakkar dei med dei andre lærarane. Dei set eventuelt i verk nokre tiltak. Dersom problemet eller situasjonen held fram, løftar dei det opp vidare til avdelingsleiar eller rektor.

Rektor om varsling

Rektor fortel i intervju at han meiner terskelen for å varsle ved mistanke er for høg generelt og ved Slettebakken skule spesielt. Han har teke opp at terskelen må senkast. Han seier at det er for sjeldan at han mottok varsel ved mistanke frå tilsette ved skulen, der han undersøker og finn at eleven har det trygt og godt ved skulen.

Rektor har snakka med tilsette ved SFO i haust om at dei skal melde inn til rektor ved mistanke. I eigenvurderinga skriv rektor at han har formidla til assistentar og fagarbeidarar at dersom dei har liten tid i løpet av arbeidsdagen til å fylle ut meldeskjema, kan dei skrive overtid.

Oppsummert

Det er eit krav i sakar som omhandlar elevens skulemiljø at eleven får beskjed om at rektor blir varsla om saka, med mindre dette hindrar at varsling kan skje raskt nok.

Både rektor og nokre av dei tilsette svarar nei i eigenvurderinga på spørsmål om eleven får beskjed om at rektor blir varsla.

Skulen må dokumentere kva dei gjer for å oppfylle plikta til å varsle. Vi har fått tilsendt døme på at tilsette på skulen har nytta meldeskjemaet som ligg i skulens handlingsplan mot krenking. Eitt av dei innsendte meldeskjemaa er døme på varsling frå tilsette ved mistanke om at ein elev ikkje har eit godt skulemiljø.

Vi kan ikkje sjå av dei innsendte aktivitetsplanane at tilsette har varsla ved mistanke. Dette finn vi mellom anna fordi det er opplyst i planane at fleire av sakene har vara over tid.

Vi finn at rektor har meint å formidle at alle tilsette skal varsle om saker, der dei har mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Likevel kan vi ikkje sjå at terskelen for varsling ved mistanke er avklart. Dette finn vi på bakgrunn av at dei tilsette i intervju forklarar at dei ikkje har hatt kollektive refleksjonar om dette temaet, og at rektor forklarar at han meiner terskelen for varsling er for høg. Det kjem også fram av intervjuet og aktivitetsplanane at sakene gjerne må ha ei viss alvorgrad og gjenta seg før dei tilsette vurderer å varsle til leiinga.

Utan ein klarlagt terskel for varsling ved mistanke vil ikkje rektor kunne sikre at alle som jobbar på skulen alltid meldar til rektor til rett tid.

Fylkesmannen finn det ikkje sannsynleggjort at rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

5. Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier?

Skulens framgangsmåte for varsling må bestemme kva for saker dei som jobbar på skulen skal varsle om straks, og om det er saker dei kan vente med å varsle. Rektor må følgje opp at alle som jobbar i skulen følgjer skulens framgangsmåte for varsling i praksis.

Det går ikkje fram av skulens handlingsplan mot krenkjande åtferd kva saker tilsette skal varsle om straks, og kor raskt dei skal varsle i andre saker.

Rektor forklarar i intervju at alt skal varslast snarast råd, medan lærarane skriv i eigenvurderinga at dette ikkje er avklart eller at dei vurderer frå sak til sak.

Det kjem òg fram i intervju med lærarane at dei meiner at dei ofte må undersøke meir før dei varslar rektor.

Vi kan ikkje sjå at skulen har ein framgangsmåte for varsling der det er klargjort kva saker tilsette skal varsle om straks, og kor raskt dei skal varsle i andre saker.

Dette kan føre til at det vert opp til kvar enkelt tilsett kor raskt saka vert varsla.

Fylkesmannen finn at rektor ikkje har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier. Fordi framgangsmåten i dag ikkje er klar, kan rektor heller ikkje følgje opp at tilsette følgjer framgangsmåten i praksis.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

6. Varslar rektor skuleeigaren om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skulen ikkje har klart å løyse ei sak?

Rektor skal varsle skuleeigaren om alvorlege tilfelle.

Det går fram av skulens handlingsplan mot krenkjande åtferd at skuleeigar skal varslast i alvorlege tilfelle. Alvorlege tilfelle er her definert som bruk av vald, fleire involvere elevar eller tilsette som krenkjer elevar.

Rektor forklarar i intervju at han har varsla skuleeigaren ein gong knytt til ein elev-tilsett situasjon.

Assistentane på skulen fortel i intervju at det er gjengar som går rundt i skulegarden og kan bruke vald. Det kan vere mykje bruk av vald, og gjerne dei same elevane. I følgje handlingsplanen til skulen skal slike situasjonar varslast til skuleeigar. Fylkesmannen kan ikkje sjå at rektor har varsla skuleeigar om denne situasjonen. Vi kan likevel heller ikkje sjå bort i frå at rektor ikkje er varsla om situasjonen.

Det kjem fram i intervju med rektor at dei har hatt ei skulemiljøsak som dei ikkje klarte å løyse. Det kom ikkje fram at skuleeigar vart kontakta i denne saka. Saker som skulen over noko tid ikkje har klart å løyse, vil vere alvorlege, slik at skuleeigar skal varslast.

Fylkesmannen finn det ikkje sannsynleggjort at skuleeigaren blir varsla om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skulen ikkje har klart å løyse saka.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

7. Sikrar rektor at skulen undersøker saka når rektor får varsel frå ein som jobbar ved skulen, eller ein elev seier frå om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt?

Rektors føringar for å undersøke

Rektor må syte for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker. Rektor må følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med framgangsmåten.

Skulens handlingsplan omtaler skulens plikt til å undersøke saka når rektor får varsel.

Planen har eit skjemavedlegg som skal sikre lik saksgang i skulens handtering av saker som gjeld «Melding om elevens skulemiljø» og elevens rett etter opplæringslova § 9 A-4.

I skjemaet er det døme på korleis skulen kan undersøke ei sak, til dømes observasjon i friminutt, overgangar eller læringssituasjon, samtalar med involverte, ikkje-anonyme undersøkingar, kartleggingsverktøy eller sosiogram. Det skal førast logg over undersøkingane i skjemaet, står det. Vi har ikkje sett skjemaet i bruk i samband med dei innsendte aktivitetsplanane⁴.

⁴ Vi gjer merksam på at Datatilsynet den 23. oktober 2019 påla Arendal kommune å avslutte behandlinga av personopplysningar i verktøyet Spekter. Datatilsynet understrekar at kvar enkelt kommune har eit sjølvstendig ansvar for si behandling av personopplysningar. Arendal kommune kan klage på vedtaket til midten av november. Dersom kommunen klagar og Datatilsynet oppretheld vedtaket sitt, vil dei sende saka til Personvernemnda for klagebehandling.

Skulens framgangsmåte legg opp til at tiltak skal settast inn fire dagar etter varsel. Dette betyr at skulen legg opp til eit kort tidsintervall mellom fasane å *undersøke* og å *sett inn dei rette tiltaka*. I fleire av dei innsendte aktivitetsplanane ser vi at tiltaka er i undersøkingar.

Fylkesmannen har ikkje sett at skjema som skal sikre lik saksgang har vore i bruk, og vi merkar oss også at framgangsmåten legg opp til ein kort frist for undersøking. Fylkesmannen finn likevel at rektor har sytt for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker, dersom dei vert varsla til rektor, ettersom rektor har lagt nokon føringar for undersøking i handlingsplanen.

Skulens praksis

Undersøkingar må få fram mellom anna fakta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving, kva i elevens omgjevnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet og om eleven opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Undersøkingsplikta handlar om å undersøkje kva som ligg bak elevens oppleving, ikkje å skaffe og vurdere bevis for eller mot at krenkingar eller mobbing har skjedd.

Framgangsmåten til skulen må sikre at saka vert undersøkt snarast mogleg og de må dokumentere kva de gjer for å undersøkje saker.

I innsendte aktivitetsplanar står det at informasjon frå foreldre og kontaktlærar tilseier at den aktuelle eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det går ikkje fram av dei innsendte aktivitetsplanane korleis skulen har undersøkt i dei innsendte elevsakene, eller analysert det dei kom fram til i undersøkingane.

I samband med tilsynsbesøket ved skulen bad vi om å få tilsendt tre døme på at skulen har undersøkt saker, etter at tilsette har varsla rektor ved *mistanke* om at ein elev ikkje har det trygt og godt ved skulen. Vi har motteke tre døme på at skulen har observert elevar i perioden august, september eller oktober. Ut frå det vi kan sjå av dokumenta skulen har sendt inn, er det eine døme på eit observasjonstiltak i ein av aktivitetsplanane. Det andre døme er ein logg som inneheld ei rekke skildringar av ein elevs utagerande åtferd og at tilsette på skulen snakkar med mor eller far i etterkant. Det er uklårt kva som er føremålet med loggen og kva analysar skulen har gjort på bakgrunn av loggen.

Det tredje døme er datert 30. oktober 2019. Det er uklårt om dokumentet viser observasjon ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt ved skulen. Det står at observasjonen er etter avtale med ein av dei føresette. Det er òg uavklart om observasjonen er ei undersøking eller eit tiltak. Men dokumentet klargjer kva den tilsette skal sjå etter og kva stadar/situasjonar den tilsette skal følgje med. Skildringa har karakter av å vere oppsummerande i forhold til det som skal observerast.

I intervju med skulens tilsette kjem det fram at dei nyttar samtalar med involvere elevar, kontaktlærar og føresette, samt observasjonar når dei undersøker ei sak. Vi har tidlegare vist til at terskelen for å varsle ved mistanke er høg og at ei sak kan bli undersøkt ei stund før den vert varsla til rektor.

Dei innsendte aktivitetsplanane viser at sakene er samansette og situasjonane har vara over tid. I dei fleste tilfella er tiltaka knytt opp mot vidare undersøkingar.

Det går fram av skulens handlingsplan at elevens oppleving av skulemiljøet skal leggjast til grunn for saka og vidare at skulen skal syte for at elevens rett til å bli høyrd blir ivareteke. Rektor seier i intervju at dei snakkar med elevane, men at elevane òg kan velje å ikkje snakke med skulen om saka si.

Da dei tilsette vart spurt i eigenvurderinga om skulen undersøker saka snarast råd, svarte alle ja. Vi les av skulens handlingsplan at skulen har fire dagar på seg til å undersøke, lage tiltak og utarbeide ein aktivitetsplan. Det går ikkje fram av innsendte aktivitetsplanar når sakene vart varsla. Fylkesmannen finn at skulen undersøker ei sak så raskt som mogeleg dersom saken har blitt varsla til rektor. Vi vil likevel påpeike at det tidlegare er vist at terskelen for varsling er høg, slik at dei sakene som ikkje vert varsla, ikkje nødvendigvis vert undersøkt så raskt som mogeleg.

Vi ser at rektor ikkje sikrar at undersøkingane alltid får fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving, kva i elevens omgivnader som påverkar skulemiljøet og korleis eleven opplever skulemiljøet. Dette ser vi mellom anna på bakgrunn av at aktivitetsplanane ikkje gjer uttrykk for korleis saka er undersøkt, og korleis desse undersøkingane er analysert. Vidare viser dei innsende eksempla på undersøkingar at skulen ikkje har ei systematisk framgangsmåte for undersøking, og berre eitt av dei tre dokumenta viser ei målretta undersøking ved mistanke som er eigna til å få fram relevant informasjon. Fylkesmannen vurderer det slik at dei andre dokumenta ikkje gjer uttrykk for observasjonar som er eigna til å få fram relevant informasjon.

Gode undersøkingar skal utgjere grunnlaget for ein aktivitetsplan. Mange saker gjeld elevar som er særskilt sårbare, og det er då særleg viktig at det blir sett inn tiltak som er forankra i grundige undersøkingar. Å undersøke inneber òg å analysere og ta stilling til kva undersøkingane viser.

Fylkesmannen finn det ikkje godtgjort at skulen undersøker alle saker grundig nok.

Fylkesmannen finn òg at rektor ikkje sikrar at skulen undersøker saka når rektor får varsel frå ein som jobbar ved skulen, eller ein elev seier frå om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

8. Sikrar rektor at eleven får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen?

Rektor må syte for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at dei legg til rette for at eleven som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.

Det går ikkje fram av skulens handlingsplan at eleven skal få uttale seg om innhaldet i aktivitetsplanen. Lærarane skriv i eigenvurderinga at dei snakkar med foreldra eller at eleven blir orientert, men at eleven ikkje nødvendigvis får uttale seg. Det kjem an på saka, eleven og elevens alder står det.

Det går ikkje fram av innsendte aktivitetsplanar om elevane har fått uttale seg om innhaldet i dei aktuelle planane.

Fylkesmannen finn ikkje at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at eleven som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

9. Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt?

Om å sette inn tiltak

Rektor må gje ein framgangsmåte som sikrar at skulen set inn tiltak i alle saker, og følgje opp at dei som jobbar på skulen, bruker framgangsmåten i praksis.

I skulens handlingsplan mot krenking står det på side 5 at skulen har plikt til å sette inn tiltak og lage ein aktivitetsplan. Fylkesmannen har fått tilsendt fem aktivitetsplanar der det er sett opp tiltak.

Vi finn at skulen framgangsmåte klargjer plikta til å sette inn tiltak, ettersom denne framgangsmåten er beskriven i handlingsplanen.

I intervju med lærarane forklarar dei at dersom foreldre ber om tiltak i ei 9 A sak, tek skulen det på alvor. Lærarane fortel at i slike tilfelle vil det vere «ei 9 A-sak». I motsett fall, der foreldra ikkje ønskjer tiltak, venter skulen og ser an situasjonen. Fylkesmannen finn at ei slik handsaming av sakene gjer at det i nokre tilfelle vil vere foreldras meining om saka som avgjer om eleven får tiltak i tråd med regelverket. Ei slik forståing av regelverket kan gjere til at skulen ikkje set inn eigna tiltak.

Vi gjer merksam på at skulen har ei sjølvstendig plikt til å følgje alle delpliktene i aktivitetsplikta, uavhengig av kva dei føresette ønskjer. Skulen må å setje inn tiltak så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skulen kan setje inn.

Fylkesmannen finn ikkje at rektor følgjer opp at det blir sett inn tiltak i alle saker slik regelverket krev.

Om tiltaka

Skulens framgangsmåte må sikre at skulen set inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, og baserte på elevens heilskaplege behov og elevens beste.

I planen for arbeid mot krenking er det ikkje klargjort ein framgangsmåte for høyring av eleven ved utarbeiding av tiltaka i aktivitetsplanen.

Vi har tidlegare i denne rapporten peika på at skulen ikkje undersøker grundig nok ved mistanke eller kunnskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Informasjonen frå slike undersøkingar skal skulen bruke til å vurdere kva for tiltak dei skal setje inn. Når skulen ikkje undersøker godt nok, vil det vere vanskeleg å setje inn tiltaka som er tilpassa den enkelte elevsaka i type og omfang.

Fylkesmannen har gått i gjennom aktivitetsplanane skulen har sendt inn. Slik situasjonane vert skildra i planane vurderer Fylkesmannen dei til å vere alvorlege og komplekse. Vi finn at tiltaka som er satt inn for å betre situasjonen for eleven er for lite presise til å kunne svare på behovet for å trygge elevens skulemiljø i fleire av sakene. Fylkesmannen vurderer det slik at skulens framgangsmåte ikkje sikrar at skulen set inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, og baserte på elevens heilskaplege behov og elevens beste.

Ettersom rektor ikkje følgjer opp at det blir sett inn tiltak i alle saker og heller ikkje sikrar at skulen set inn tilpassa tiltak, finn Fylkesmannen at rektor ikkje sikrar at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

5. Frist for retting av regelverksbrot

I kapitel 4 har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi gir dykk ein frist til å rette regeverksbrota, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er sett til 1. mars 2020. Før fristen må de sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

Dersom de ikkje har retta regelverksbrota før rettefristen, vil vi vedta pålegg om retting. Eit pålegg om retting er eit vedtak som de kan klage på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter at rettefristen er over:

Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

1. Bergen kommune må syte for at skulen oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 og 9 A-4.

Bergen kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare.
- b. Rektor syter for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg.
- c. Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
- d. Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier.
- e. Rektor varslar skuleeigaren om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skulen ikkje har klart å løyse ei sak.
- f. Rektor sikrar at skulen undersøkjer saka når rektor får varsel frå ein som jobbar ved skulen, eller ein elev seier frå om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt.
- g. Rektor sikrar at eleven får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
- h. Rektor sikrar at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenter, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 3. desember 2019

Lill Mona Solberg
tilsynsleiar

Oda Eikeland Myrnes
rådgjevar

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Innsendte dokument frå Slettebakken skule

- Eigenvurdering frå rektor og tre kontaktlærarar gjennom RefLex
- Handlingsplan mot krenkende adferd, datert 14.11.2017 (vedlegg datert august 2019)
- Aktivitetsplanar for fem elevar.

I etterkant av besøk på skulen fekk vi tilsendt

- Skulens ordensreglement, udatert
- Skulens inspeksjonsplan/rutine - udatert
- Tre *Melding om elevens skolemiljø*, datert 27. august og 17. september 2019.
- Tre døme på at skulen har observert elevar i august, september eller oktober 2019.

Anna dokumentasjon

Fylkesmannen har elles lagt til grunn referat frå FAU-møte 14. mai 2019, Slettebakken skole. Referatet er tilgjengeleg på skulens nettside.

Intervju

Det vart gjennomført opningsmøte og intervju med rektor, tre kontaktlærarar, to assistentar i skulen og to tilsette ved SFO den 22. oktober 2019.